



Miljøavtale Elvemusling 2015 - 2016

Regionalt Miljøprogram Hordaland

NAMN: _____ KOMMUNE: _____ GNR/BNR: _____

Føremål

Å bidra til betre levekår for elvemusling ved å fremje miljøvennleg bruk av gjødsel og å redusere avrenning av næring, jordpartiklar og plantevernmiddel frå jordbruket.

Avtalen

Avtalen gjeld areal som føretaket disponerer innanfor nedbørsfeltet til det aktuelle vassdraget, både eige og leigd areal. Tiltaka skal vere omtalt i miljøplan trinn 2 og vere teikna på miljøplankartet. Tal daa kjem fram av «Miljøplan elvemusling» som er utarbeidd av Norsk Landbruksrådgiving Hordaland. Tiltak gjeld grasdyrking til slått og beite. Ved frukt, bær, grønsaker, potet og anna jordbruksproduksjon kan det bli aktuelt med tilleggskrav.

Signert avtale for alle vilkåra gjer at ein kan søkje tilskot gjennom Regionalt miljøprogram.

A. Gjødsling – mengd og type

På teigar med mykje fosfor i jorda blir det sett ei øvre grense for kor mykje fosfor ein kan tilføre. Fosforinnhaldet blir målt som lettlyseleg fosfor (P-AL), oppgitt i resultat frå jordanalyse.

- Når fosforinnhaldet i jorda er høgare enn P-AL 14: Føretaket kan maksimalt tilføre 3,0 kg fosfor pr. dekar, samanlagt frå husdyrgjødsel og mineralgjødsel heile sesongen.
- Når fosforinnhaldet i jorda er høgare enn P-AL 20: Føretaket bør tilføre *mindre* enn 3,0 kg fosfor pr. dekar og pr. år.

Føretak som inngår miljøavtale må ha gjødslingsplan som sikrar at krava blir følgd. Mellom anna ulik vassinnblanding gjer at aktuelle husdyrgjødselmengder må bli berekna for kvart føretak.

B. Gjødsling – tid og stad

- Føretaket skal ikkje spreie husdyrgjødsel etter 10. august på areal i nedbørsfeltet til vassdraget, uavhengig av spreiemetode. Dette gjeld òg for silopressaft blanda med gjødsel.
- Rein silopressaft kan spreist etter 10. august, men maksimalt 1,5 m³/daa. Ein bør ikkje spreie pressaft på areal som har lett avrenning til vassdrag.
- Føretaket skal ikkje spreie husdyrgjødsel før grasveksten har kome i gang om våren, og uansett ikkje før 15. mars.

C. Jordarbeiding

- Etter jordarbeiding skal ein etablere plantedekke før hausten.
- Ein skal ikkje pløye om hausten.

D. Buffersone mot vassdrag

Langs vatn, elvar, bekker og kanalar med vassføring skal det på fulldyrka og overflatedyrka jord vere ei buffersone med følgjande tilleggskrav:

- **Langvarig grasdekke** - Buffersona skal ha vegetasjon med mest mogleg langvarig grasdekke og minst mogleg fornying i 5 meter bredde frå vassdrag.
- **Hausting** - Buffersona skal haustas ved slått eller beiting minst ein gong i vekstsesongen.
- **Lite plantevernmiddel** - Det skal ikkje brukast plantevernmiddel i 5 meter bredde frå vassdrag, inkludert brakking og breispreiing. Punktsprøyting mot problemugras kan bli utført.
- **Mindre gjødsling** – Føretaket skal bruke redusert mengd husdyrgjødsel og mineralgjødsel i 5 meter avstand frå vassdrag: På dei næraste 2 metrane til vassdraget skal det *ikkje* bli spreia gjødsel. Dei neste 3 metrane kan ein maksimalt bruke halvparten av normal næringstilførsle. Ein bør ikkje spreie gjødsel på flaumutsett areal før risiko for flaum.

E. Andre tiltak

- Beitande storfe og hest må ikkje få tilgang til å tråkke i elva i område der muslingane ligg. Område med fast dekke og/eller lite elvemusling kan bli gjort tilgjengeleg for tilgang til å drikke.

Vilkår

- Det skal bli ført gjødslingsjournal for heile føretaket.
- Gjødslingsplanen for heile føretaket skal bli oppdatert før ein kan inngå miljøavtale, dersom det er behov for endring av mengd per daa med husdyrgjødsel eller type mineralgjødsel.
- Føretaket må følgje denne avtalen dersom det skal ha rett på tilskot.
- Føretaket må følgje gjeldande regelverk for jordbruksdrift, sjå under.

Regelverk

Lovar og forskrifter i høve til potensiell forureining og skade på vassdrag omfattar mellom anna:

- Langvarig lagring av fast husdyrgjødsel i haugar er ikkje lovleg utan løyve.
- Gjødsellager og fôringsplass skal ikkje gi fare for forureining.
- Ein 2 meter sone mot vassdrag skal vere utan jordarbeiding.
- Ein må oppretthalde naturleg vegetasjonsbelte i den næraste sona langs vassdraget.
- Ved nydyrking skal ein setje igjen minst 6 meter brei vegetasjonssone langs vassdrag.
- Ein må søkje om godkjenning dersom ein til dømes vil:
 - Utføre erosjonssikrande tiltak som å sikre elveløp med steinsetjing/mur.
 - Planere meir enn 1,0 daa, dyrke nye areal eller ta imot jordmassar for deponering.
 - Ha langvarig lagring av husdyrgjødsel, til dømes deponi med fast gjødsel.
 - Ta ut grus/massar frå vassdraget eller leggje bekk i røyr.

Vi minner om at det er forbod mot plukking og innsamling av elvemusling.

Avtaletid og endring av avtalen

Avtalen gjeld frå 15.4.2015 – 31.12.2016

Partane kan krevje revisjon dersom:

- Det vert gjort vesentlege endringar i drifta på eigedomen.
- Det skjer vesentlege endringar i løyvingane over statsbudsjettet til Regionalt miljøprogram.
- Det skjer vesentlege endringar i forskrift om organisk gjødselvara eller anna viktig regelverk.
- Tilpassing til å følgje avtalen har negative verknader på andre miljøtilhøve.

Erklæring frå søker

Eg er kjend med og aksepterer dei vilkåra og tiltaka som kjem fram av avtalen

Stad

Dato

Underskrift

Erklæring frå kommunen

Kommunen stadfestar at føretaket har rett til å kunne motta tilskot til «Miljøavtale» gjennom Regionalt Miljøprogram ved å halde denne avtalen. Det er ein føresetnad at føretaket elles fyller grunnvilkåra for å motta tilskot frå Regionalt Miljøprogram.

Stad

Dato

Underskrift